



I april vil bank-kontoret også i Uskedalen få avløsning av Bank i Butikk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kontora til Sparebank 1 Kvinnherad på Ølve, Varaldsøy og i Uskedalen vil verta avvikla i april og avløyst av Bank i Butikk.
Det opplyser banken i ei pressemelding måndag.**

Assisterande banksjef Kåre Ertsland forklarar at det er fleire årsaker til at 'Bank i butikk' så langt er etablert i nær 900 daglegvarebutikkar i heile landet. Tenestetilbodet vert no utvida og i samarbeid med Norgesgruppen ASA får kunder i Sparebank 1 Kvinnherad tilgong til løysinga. Tilbodet vert med dette tilgjengeleg for ei større kundegruppe og fleire butikkar både i kvinnherad og landet elles.

Ertsland oppsummerar slik:

- Ved hjelp av betalingsterminalar i butikkar og bruk av kort har kontantutbetaling lenge vore eit tilbod som er mykje brukt. tenestene vert no utvida til også å gjelda inskot og betaling av rekningar.
- Daglegvarebutikken si opningstid gjer at banktenestene no vert mykje meir tilgjengelege enn tidlegare.
- Kontanthandtering er enormt ressurskrevjande. Ved at butikken no kan gjera 'gjenbruk' av setlar og mynt utan at dei skal innom banken, er dette med og reduserer kostnadar for alle partar.
- Eit utvida tenestetilbod i butikken vil også gje dei betre lønsemd og såleis vera eit viktig bidrag til å sikra drifta av nærbutikkane.

Av Ola Matti Mathisen